

## Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 25.11.2020

**Noralv Distad (H)** stilte spørsmål kring eiga habilitet da han er styremedlem i Fjord Norge AS og Sogn og Fjordane Holding AS. Distad trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at i vedtakspunkta som går på vidareføring av eigarskap i selskap og deltaking i interkommunale samarbeid mv., er dette liks med passivitet, og at dette ikkje gjev slike selskap, interkommunale samarbeid mv. partsstatus. Fjord Norge AS og Fjordane Holding AS er altså ikkje part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Distad ikkje er inhabil i saka , jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

**Kine Bratli Dale (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet da hun er styremedlem i Vestnorsk filmsenter AS, Hardangar AKS AS og varastyremedlem i Carte Blanche AS. Dale trådte frå då utvalet vurderte hennar habilitet. Utvalet vurderte at i vedtakspunkta som går på vidareføring av eigarskap i selskap og deltaking i interkommunale samarbeid mv., er dette liks med passivitet, og at dette ikkje gjev slike selskap, interkommunale samarbeid mv. partsstatus. Vestnorsk filmsenter AS, Hardanger AKS AS og Carte Blanche AS er altså ikkje part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Dale ikkje er inhabil i saka , jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

**Karl Vågstøl (H)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling A/S. Vågstøl trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at Gulen- og Masfjorden Utvikling AS er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl er inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

**Sigrid Brattebø Handegard (Sp)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i Lutelandet Utvikling AS. Handegard trådte frå då utvalet vurderte hans habilitet. Utvalet vurderte at Lutelandet Utvikling AS er part i saka. Utvalet vedtok samrøystes at Vågstøl er inhabil i saka, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

Vågstøl og Handegard trådte frå under behandling av denne saka

### Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling

1. Fylkestinget vedtek Eigarskapsmelding 2020, Del I, slik han føreligg.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen starte ein prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Lutelandet Utvikling AS og HFK Tomt Knarvik AS.
3. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen- og Masfjorden Utvikling AS, men ber fylkeskommunen sin eigarrepresentant be selskapet greie ut moglegheitene for samanslåing med andre selskap.
4. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen sin eigarskap i følgjande selskap: Grieghallen IKS, Trivselshagen IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Atheno AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærsenter AS, Sarsia Development AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Skyttel AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Førde Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS og Vestnorsk filmsenter AS.
5. Fylkestinget ber fylkesrådmannen seie opp fylkeskommunen sin medlemskap i OKOS SA.

6. Fylkestinget vidarefører fylkeskommunen si deltaking i følgjande interkommunale samarbeid og medlemskap i følgjande samvirkeføretak: Norsk digital læringsarena, Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressurscenter SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ta med plan for eigarskapskontroll og plan for forvaltningsrevisjon av selskap i Eigarskapsmeldinga, så snart fylkestinget har vedteke desse.